

## Utmarksløe i Veiane – berging av eit kulturminne

### Oppsummering:

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden (SWiS) hadde som primæroppgåve å attendeføre W-huset til original byggeplass, utført i 2018. Etter dette å drifte huset, og me har inkludert i dette også ivaretaking av bygningar i kulturlandskapet på vegen inn til huset. Huset og området i kring – av lokalbefolkninga kalla Østerrike – vart freda i 2021.

Etter nøye overveiging vil me – med få eigne folk og med økonomi basert på sponing – ta på oss jobben med berging av utmarksløa på vegen inn til Wittgensteinhuset. Dette basert på at det skal bli mogeleg å mobilisere ildsjeler for dugnadsinnsats. Arbeidet startar med dugnad fredag den 27. april.

### Reetablering og sikring av eit karakteristisk landbrukshistorisk bygg - eit kulturminne

Løa vil bli attendeført som opprinneleg bygd, dvs demontering av tilbygget. Løa vil då stå fram som det historiske minnet den er over dei karakteristiske historiske uteløene i distriktet, nær alle er no vekke.



*Den aktuelle løa - med tilbygget nærast*

## Berging av tradisjonell utmarksløe i Fortunsdalen

---

### **Bakgrunn**

Utmarksløe er ein bygning primært for lagring av turt høy, hausta på utmarksareal beliggjande i lang avstand frå gardsbruket. Desse bygningane sette frå gammalt av sitt karakteristiske preg på landskapet i Indre Sogn. Dei er ikkje lengre i bruk og forfallet har vore massivt.



**Løa sett frå syd. Vegen tett forbi fører inn til det freda området med Wittgensteinhuset.**

*Tanken på å oppleve denne bygningen som samanbroten er «ikkje til å leve med».*



**Bilete av nordgavl teke av- og publisert av Riksantikvaren på deira heimeside 13. mai 2022.**

Riksantikvaren personleg oppmoda oss innstendig om å opprette prosjekt for berging av denne løa.

## Berging av tradisjonell utmarksløe i Fortunsdalen

---



Tilbygget med bølgeblekktaket sett frå innsida. Dette tilbygget skal demonterast både for å få fram opprinneleg arkitektur og for å eliminere framtidig vedlikehaldsomfang.



Og slik har det gått med ei anna lita løe. Ja, fleire til, langs vegen inn til Wittgensteinhuset, triste syn.

## Berging av tradisjonell utmarksløe i Fortunsdalen



Kunstnaren Arild Yttri har gjort eit verdfullt dokumentararbeid med fotografering av utmarksløer i Mørkridsdalen. Desse vart synt som ein kolleksjonen med 8 grafiske bileter på Statens Høstutstilling. Vårt mål er å berge eit av dei siste eksemplara av denne kulturarven i kraft av den synte løa.

### Føremål

- **berging av eit landbrukshistorisk kulturminne**
  - attendeføring til originalt omfang og byggestil
  - forsterking av bærekonstruksjonen og tetting av takekkasjar,
  - reetablering av skifertak på det eine opphøga taket over låvebrua
  - restaurering av låvedørene og noko fornying av veggpanelet.
  
- **berging med tanke på bruk**
  - som stoppestad for informasjon for guida turistgrupper innan oppstiging til W-huset, også tilrettelagt for dei yngste/Den Kulturelle Skulesekken
  - bygging av eit låsbart rom for oppbevaring av materialar, utstyr og rekvisita for framtidig vedlikehald av Wittgensteinhuset og løa
  - utstilling av eldre landbruksreiskap typisk for slåttarbeid for syning til skuleklassar
  - vinteropplag for Wittgensteinbåten (eliminere leige av naustplass)
  - Det kan òg med tida bli aktuelt å nytte dei store voluma for ulike arrangement og eventuelt som ein meir utvida informasjonsplass for Wittgenstein sitt liv i Skjolden.

Prosjektet må utførast i etappar. Omfang av arbeidet i 2023 vil bli tilpassa budsjett og mannskap.

Stiftinga har avtale med grunneigar om rett til bruk av bygget mot å ta ansvar for vedlikehaldet. Vårt skisserte prosjektet går langt utover intensjonen i denne avtalen og er avhengig av ildsjeler for dugnad og ekstern finansiering.

## Plan for første etappe

Førebuaende arbeid: Demontering av gjerde, skaffing av stillas, aggregat og høvelege stegar.

Oppstart:

### Fredag og laurdag 28.-29. april:

Ufaglærte «filosofar» & kontorfolk: rensk og demontering av veggpanel og div. ryddearbeid. Nyttig reiskap å ha med: hamar og gjerne kubein og skrapeverktøy.

Profesjonell innleigd arbeidskraft (supplert av handy dugnadsfolk): tømring av den nye gavlveggen, taklekkasjetetting og forsterkingsarbeid.

**Søndag 30. april og måndag 1. mai:** Fritt fram for sosialt samvær/utflukter/tur i unike Luster!

**Tyrsdag og onsdag 2.- 3. mai:** Fortsetting med dugnadsarbeid (og innleigd tømrrar, evt. oppstart for tømrrar(?)) frå nye førehandspåmeldte frå austlandet, -og sjølvstapt andre velvillige.

**Frå torsdag den 4. mai:** Underteikna vil framleis vera til stades i Luster ei veke framover for arbeid og evt. naudsynt samordning.

*Torsdagsmeny: Raspeball, salt fårekjøtt, vossakorv og rotstappe!*

For optimal utnytting av arbeidskraft **har me òg eit anna, mindre hus langs vegen å ta vare på**, eit gamalt stølshus. Dette skal ryddast og innreiast på nytt innvendig (tilnærma som «museum») og det skal setjast inn nye (brukte) vindauger. Interessant for dei interiørorienterte??

Me har tidlegare innimellom fått **tilbod frå folk som gjerne vil gjera ein innsats** for Huset og Stiftinga. Om nokon er i denne kategorien på ferie i Luster vil det truleg bli arbeidsmogelegheiter sommaren i gjennom. Ta i sofall kontakt, me i SWiS er til stades for å treffast!

- og hos vår samarbeidspartnar **Vassbakken Camping** vil du som dugnadsdeltakar få 20% rabatt på overnatting fram til midten av juni og i september.

Furulund i Oslo, 15.04.2023

Trygve Martinussen – tlf. 9175 8812

trygve.martinussen@gmail.com